

Bibliotekarkompetanse frå 2.0 til 2014

To hovud tenkjer betre enn eitt, heiter eit gammalt ordtak. Og da tre bibliotekorganisasjonar slo seg saman, blei det internasjonal sus over seminaret som blei arrangert i Bergen i slutten av oktober.

TEKST • Irene Hunskår
Bibliotekar
Høgskolen i Bergen

FOTO • Erling Bergan

NBF-Hordaland, NFF-Bergen og BF-Hordaland stakk hovuda sine saman for å arrangere eit fagleg heildagsseminar om bibliotekarkompetanse som samla heile 60 bibliotekarar frå Hordaland.

Ein av ideane som dukka opp, var å invitere Andrew Cranfield som er generalse-

kretær i EBLIDA med base i Haag. EBLIDA står for European Bureau of Library, Information and Documentation Associations og er ein uavhengig paraplyorganisasjon for "national library, information, documentation and archive associations and institutions in Europe". Andrew Cranfield er

fagutdanna bibliotekar frå bibliotekskulen i København, og har ein master i kulturstudier i tillegg. Han vaks opp i England, men har budd 20 år i Danmark. Han har mellom anna jobba i forlagsbransjen, for eit datafirma, i forskningsbibliotek, og vore biblioteksjef i Slagelse kommune. Andrew Cranfield er også leiar i IFLA for seksjon for bibliotekbygningar og utstyr og er ein av grunnleggjarane av "New professionals discussion group" (NPDG).

Andrew Cranfield sitt innlegg hadde fått tittelen "Bibliotekarkompetanse for framtida", og i ein times tid snakka Cranfield om korleis han trur biblioteka blir i framtida og kva vi skal fylle biblioteka med. Til slutt kom han inn på kva kompetanse vi som bibliotekarar skal ha og kva kompetanse biblioteka treng i framtida.

Digitalt innhald og fulltekst-tilgang

Cranfield skisserte opp ein del primære oppgåver som han ser for seg at det moderne bibliotek vil drive med: digitalt innhald og fulltekst-tilgang. EBLIDA er ei pådrivar og lobbyist i copyright-arbeidet i EU, og i European Digital Library (EDL). The European Library vil tilby eitt inngangspunkt til dei elektroniske ressursane hos dei viktigaste europeiske nasjonalbiblioteka, forutan tilgang til andre meir avanserte bibliotek-



Vi treng meir kunnskap om kva behov brukarane våre har når det gjeld ny teknologi, sa Andrew Cranfield.



Kunnskapsbasert praksis for bibliotekarar har etter kvart vorte eit eige "fagområde" innanfor kunnskapsbasert praksis, spesielt i England, sa Lena Nordheim.

tenester. EDL-prosjektet er eit direkte svar på ei oppfordring om at nasjonalbiblioteka burde bruke innverknaden sin i debatten om digitalisering av europeisk materiale for tilgang via verdsveven. Cranfield meiner at alle bibliotek må vise samfunnet kva dei har av materiale og kva biblioteka kan bidra med av digitalisering. For eksempel nemnde han digitaliseringa av Grieg-samlinga ved Bergen off. bibliotek som eit godt eksempel på dette.

Bygningar og interiør

Cranfield meinte at altfor mange biblioteklokale er gammaldagse og like. Vi må lære av detaljhandelen, t.d. bokhandlarane, og sjå på korleis dei leiar oss gjennom lokala sine for å friste oss til å handle varer. Vi må lage ein "raud tråd" gjennom biblioteklokala, og bli meir profesjonelle på marknadsføring av tenestene og produkta våre. Det treng ikkje vere ein bibliotekar som gjer dette, men vi treng denne typen kompetanse i biblioteka våre.

Nettverksbygging og samarbeid

Cranfield poengterte sterkt både internasjonalt og nasjonalt samarbeid for å utnytte knappe ressursar på ein betre måte. Ikkje minst gjennom IFLA der dei

skandinaviske landa er tungt inne i mange seksjonar. Også i det einkilde bibliotek må vi tenke samarbeid med både andre institusjonar og andre yrkesgrupper. Men er vi førebudd på å sleppe andre yrkesgrupper inn i biblioteka? spurte Cranfield forsamlinga. Vi må vere positive til andre yrkesgrupper og heller sjå på kva muligheter som finst for samarbeid enn å drive med profesjonskamp. Bibliotekarane må bruka tida si til viktige ting og det dei kan best – og ikkje svare på enkle spørsmål slik som å finne ei bok eller ei plate til ein lånar. Det kan andre ta seg av, meinte Cranfield.

Lobbyverksemd og verdimåling

Cranfield meinte at ein viktig eigenkap for bibliotekarar er å kunne komme i kontakt med det offentlege, både presse og politikarar for å kunne snakke biblioteka si sak og få biblioteket på dagsorden. Den amerikanske bibliotekforeninga (ALA) har laga ei eiga oppskriftbok for dette: *Advocacy guidebook*. <http://www.ala.org/ala/advocacybucket/informationliteracy.pdf> Cranfield fortalde vidare om korleis British Library hadde vist korleis deira innsats i samfunnslivet kunne målast i økonomiske verdiar. For kvart pund British Library får i offentleg støtte, genererer dei 4.40 pund igjen i den britiske økonomien. Det er difor

viktig å vise at nytten av biblioteka er større enn kostnadane ved å drive dei. Samfunnet får igjen mange gonger det dei puttar inn i bibliotekvesenet sitt.

Forskning i biblioteka og ny teknologi

Det må bli meir forskning i biblioteksektoren, og ikkje minst meir forskingsbasert kunnskap. Vi må bli flinkare til å inkorporere og ta i bruk nyare forskingsresultat i biblioteka. Vi må få meir kunnskap om brukarane våre og kva behov dei har i forbindelse med ny teknologi. Til slutt poengterte Cranfield desse standpunkta:

- vi bør gjere biblioteka meir spesielle! Kva er unikt for oss? Vi må ta utgangspunkt i dette, og ikkje prøve å vere lik alle andre bibliotek.
- vi må slutte å sitte bak skranken! Vi må finne nye måtar å møte publikum på, og vi treng kunnskap om nye kommunikasjonsformer
- vi må forstå og bruke den kompetansen biblioteket har overfor den digitale verda, og det er ei stor utfordring å marknadsføre denne usynlege kapitalen
- korleis blir morgondagens teknologi og kva er bibliotekas rolle i dette? ▶

► Cranfield stilte mange spørsmål og gav oss få svar. Men han oppfordra oss til å ta stilling til desse spørsmåla og ikkje minst få kunnskap om alle desse nye teknologiane som svirrar rundt oss i større og større omdreining. Cranfield siterte: "If it's not on the net, it's not there!"

Kompetanseutvikling i Hordaland

Etter pause og ein god lunsj med tid for samtale med gamle og nye bibliotekar-bekjentskap, fekk fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt frå Hordaland fylkesbibliotek ordet og snakka om "Kompetanse-utvikling i Hordaland - frå teori til praksis". Ruth Ørnholt la vekt på at det må komme både endringsvilje og endringskompetanse inn i biblioteka. Eit moderne bibliotek må både bestå av relevant kompetanse, gode nettverk, samarbeid med brukaren, nye tilbod og tenester, og ikkje minst av personleg service. Biblioteket og bibliotekarane må spegle befolkninga. Ørnholt framheva at biblioteka etterkvart må rekruttere folk med minoritetsbakgrunn inn i yrket.

Når det gjeld bibliotek- og kompetanseutviklinga, må denne opplæringa setjas inn i ein større strategisk samanheng. Kompetanseutvikling og utvikling av biblioteka er to parallelle løp, som har gjensidig positiv effekt, meinte Ørnholt. Auka kompetanse og profesjonalisering vil gjere den samfunnsmessige rolla til biblioteka tydelegare.

Til slutt presenterte Ørnholt delar av Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010 med særleg vekt på målområdet kompetanse. Sett i lys av Bibliotekreform 2014 er det spenstige og krevjande mål Hordaland fylkesbibliotek har sett seg: Alle innbyggjarar i Hordaland skal møte bibliotekpersonale med brei og oppdatert kompetanse. Det skal ein nå ved å kartlegge kompetansebehovet og utarbeide kompetanse-utviklingsprogram. Vidare å gjennomføre etter- og vidareutdanning av tilsette i biblioteka med vekt på pedagogisk og digital kompetanse og til slutt auke skulebibliotekansvarlege (lærarar) sin bibliotekkompetanse.

Vidare ønskjer fylkeskommunene å etablere nettverk basert på kunnskapsdeling, rettleiing og kunnskapsbasert praksis. Målet med dette er at biblioteka i Hordaland skal kommunisere fritt og dele kunnskap og erfaring til beste for alle brukarar. Vidare ønskjer ein å stimulere bibliotekarar til å ta kurs i kunnskapsbasert praksis og opprette regionale nettverksgrupper innan aktuelle område.

Ørnholt avslutta med å poengtere at vi dagleg må arbeide systematisk med kompetanseutvikling, etterutdanning og utvikling av dei tilboda som skal til for at biblioteket kan skape seg ein posisjon som ressurscenter i kunnskapssamfunnet sin

intellektuelle infrastruktur. Fylkesbiblioteket må regionalt gje relevante tilbod om kompetanseutvikling og vere med å skape lærande nettverk.

Meir spesialsaum

Biblioteket sett frå brukarperspektivet var tittelen på Kevin McCafferty sitt innlegg. McCafferty er til dagleg professor ved Institutt for fremmedspråk ved Universitetet i Bergen og ein ivrig bibliotekbrukar både til fagleg bruk og privat. McCafferty hadde laga seg ei ønskeliste med ting han hadde lyst at biblioteket skulle tilby han som brukar. Meir informasjon a la tenester som "Nytt frå biblioteket" med nyhende om nye bøker, nye databasar, osv., innfor kvart fagfelt frå fagreferentane. Gjerne ein gong pr måned anten som epost eller via web-sider. Biblioteket må tilby meir systematisk anskaffelse av forskingsressursar med site-lisensar for både forskarar og studentar.

Vidare ønskte McCafferty seg meir kontakt med biblioteket både med introduksjonskurs for nyttilsette der ein kunne kartlegge behov hos kvar einskild, men også muligheit for å informere om tenester, samlingar, databasar og kurs som biblioteket kan tilby. Dette meinte McCafferty var ein lur strategi for biblioteket og dei bibliotektilsette for å skaffe seg fleire allierte. McCafferty vil integrere biblioteket meir i undervisning og forskning, og dermed hjelpe dei vitskaplege tilsette til å sjå muligheiter i bibliotekets ressursar.

Og som avslutning kom McCafferty med ønske om obligatoriske kurs i informasjonskunnskap for alle studentar i regi av biblioteket, noko som kling som musikk i øyra på mange bibliotekarar ved undervisningsinstitusjonar. McCafferty meinte at ein slikt kurs burde vere både obligatorisk og poenggejvande for førstesemesterstudentar ved universitetet.

Kunnskapsbasert praksis

er eit relativt nytt omgrep for bibliotekarar. Lena Nordheim frå Senter for kunnskapsbasert praksis ved Høgskolen i Bergen gav

tilhøyrarane ein kort, men informasjonsmetta innføring i temaet. Kunnskapsbasert praksis betyr å kombinere eigen erfaring/ekspertise, kunnskap om brukarane sine behov, og relevante resultat frå forskinga, i det daglege bibliotekarbeidet.

Etter ein generell innføring i emnet slik det blir brukt spesielt innanfor helsefaga, førte Nordheim oss over til bibliotekverda og kunnskapsbasert praksis for bibliotekarar. Dette har etter kvart vorte eit eige "fagområde" innanfor kunnskapsbasert praksis, spesielt i England. Det er skreve ein god del om dette, det finst eige teoretikarar på området, eigne databasar og eigne tidsskrift.

Ingen automatikk

Siste post på programmet under seminaret, var forbundsleiar Monica Deildok som snakka om "Arbeidslivet og kompetanse". For mange var dette svært interessant og relevant, det er alltid greitt å ha "jussen på si side". Deildok snakka om kompetanse og forklarte oss at det er minst to ting: Det å dra på kurs for å halde vedlike og oppdatere seg på fagområde, og å ta kompetansegejvande vidareutdanning. Rettar i forbindelse med det siste er heimla i arbeidsmiljølova, og det er viktig at dei tillitsvalde brukar hovudavtalen når ein skal argumentere for kompetansegejvande vidareutdanning. Det er sjølvstøtt først og fremst eit leiaransvar å gje sjanse til kompetanseheving for tilsette. Men det er klart at det er naturleg med eit samspel mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar når det er snakk om å ta lengre utdanningar. Om ein har vore tilsette i 2 år, har ein rett på utdanningspermisjon utan løn. Det er ein lovfesta rett heimla i arbeidsmiljølova.

Når tilsette tek studiepoenggejvande etterutdanning, er det ingen automatikk at ein får lønsauke. Her må dei tilsette og dei tillitsvalde bruke dei lokale lønsforhandlingane i kvart tilfelle. Det er heller ingen automatikk at dei som tek ein masterutdanning får ny kode og meir løn. Her må ein forhandle i kvart einskild tilfelle. •



Kevin McCafferty hadde laga seg ei ønskeliste med ting han hadde lyst at biblioteket skulle tilby han som brukar.